



## ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2023 - GENERELL INFORMASJON

### Enheten

Organisasjonsnummer:	971 125 853
Organisasjonsform:	Stiftelse
Foretaksnavn:	STIFTINGA NYNORSK PRESSEKONTOR
Forretningsadresse:	Pressens hus Skippergata 24 0154 OSLO

### Regnskapsår

Årsregnskapets periode:	01.01.2023 - 31.12.2023
-------------------------	-------------------------

### Konsern

Morselskap i konsern:	Nei
-----------------------	-----

### Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet:	Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet:	Regnskapslovens alminnelige regler

### Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet:	Jan Inge Fardal
Dato for fastsettelse av årsregnskapet:	13.02.2024

### Grunnlag for avgivelse

År 2023: Årsregnskapet er elektronisk innlevert  
År 2022: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2023

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 20.02.2025



## Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Anna driftsinntekt			500 000
Driftsinntekter	1	9 693 861	11 734 095
<b>Sum inntekter</b>		<b>9 693 861</b>	<b>12 234 095</b>
<b>Kostnader</b>			
Lønskostnad	2	80 441	99 267
Avskrivning		5 836	11 667
Annan driftskostnad		10 461 521	11 327 850
<b>Sum kostnader</b>		<b>10 547 798</b>	<b>11 438 784</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-853 938</b>	<b>795 311</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Anna renteinntekt		4 942	1 151
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>4 942</b>	<b>1 151</b>
<b>Netto finans</b>		<b>4 942</b>	<b>1 151</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>-848 995</b>	<b>796 462</b>
<b>Ordinært resultat etter skattekostnad</b>		<b>-848 995</b>	<b>796 462</b>
<b>Årsresultat</b>	3	<b>-848 995</b>	<b>796 462</b>
<b>Årsresultat etter minoritetsinteresser</b>		<b>-848 995</b>	<b>796 462</b>
<b>Totalresultat</b>		<b>-848 995</b>	<b>796 462</b>
<b>Overføringer og disponeringar</b>			
Avsett til annan egenkapital		-848 995	796 462
<b>Sum overføringer og disponeringar</b>		<b>-848 995</b>	<b>796 462</b>



## Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar og liknande			5 836
<b>Sum varige driftsmiddel</b>			<b>5 836</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>0</b>	<b>5 836</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Varer</b>			
<b>Krav</b>			
Kundekrav	4	136 066	166 960
Andre kortsiktige krav		476 644	754 467
<b>Sum krav</b>		<b>612 710</b>	<b>921 427</b>
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
Bankinnskot, kontantar og liknande		2 934 900	3 025 370
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>		<b>2 934 900</b>	<b>3 025 370</b>
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>3 547 610</b>	<b>3 946 797</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>3 547 610</b>	<b>3 952 633</b>
<b>BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Grunnfondkapital	3	200 000	200 000
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>	<b>3</b>	<b>200 000</b>	<b>200 000</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annan eigenkapital	3	2 849 550	3 698 545



## Balanse

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
<b>Sum opptent egenkapital</b>	3	<b>2 849 550</b>	<b>3 698 545</b>
<b>Sum egenkapital</b>	3	<b>3 049 550</b>	<b>3 898 545</b>
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		450 369	7 295
Skyldige offentlige avgifter		32 750	36 500
Anna kortsiktig gjeld		14 941	10 293
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>498 060</b>	<b>54 088</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>498 060</b>	<b>54 088</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>3 547 610</b>	<b>3 952 633</b>



Brønnøysundregistrene

ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2023 - GENERELL INFORMASJON

Journalnummer: 2024 332396

**Enheten**

Organisasjonsnummer: 971 125 853  
Organisasjonsform: Stiftelse  
Foretaksnavn: STIFTINGA NYNORSK PRESSEKONTOR  
Forretningsadresse: Pressens hus  
Skippergata 24  
0154 OSLO

**Regnskapsår**

Årsregnskapets periode: 01.01.2023 - 31.12.2023

**Konsern**

Morselskap i konsern: Nei

**Regnskapsregler**

Regler for små foretak benyttet: Ja  
Benyttet ved utarbeidelsen av  
årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

**Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ**

Bekreftet av representant for selskapet: Jan Inge Fardal  
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 13.02.2024

**Grunnlag for avgivelse**

År 2023: Årsregnskap er elektronisk innlevert.  
År 2022: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2023.

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 20.03.2024



Organisasjonsnr: 971 125 853  
STIFTINGA NYNORSK PRESSEKONTOR

## RESULTATREGNSKAP

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Anna driftsinntekt			500 000
Driftsinntekter	1	9 693 861	11 734 095
<b>Sum inntekter</b>		<b>9 693 861</b>	<b>12 234 095</b>
<b>Kostnader</b>			
Lønskostnad	2	80 441	99 267
Avskrivning		5 836	11 667
Annan driftskostnad		10 461 521	11 327 850
<b>Sum kostnader</b>		<b>10 547 798</b>	<b>11 438 784</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-853 938</b>	<b>795 311</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Anna renteinntekt		4 942	1 151
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>4 942</b>	<b>1 151</b>
<b>Netto finans</b>		<b>4 942</b>	<b>1 151</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>-848 995</b>	<b>796 462</b>
<b>Ordinært resultat etter skattekostnad</b>		<b>-848 995</b>	<b>796 462</b>
<b>Årsresultat</b>	3	<b>-848 995</b>	<b>796 462</b>
<b>Årsresultat etter minoritetsinteresser</b>		<b>-848 995</b>	<b>796 462</b>
<b>Totalresultat</b>		<b>-848 995</b>	<b>796 462</b>
<b>Overføringer og disponeringar</b>			
Avsett til annan egenkapital		-848 995	796 462
<b>Sum overføringer og disponeringar</b>		<b>-848 995</b>	<b>796 462</b>



Organisasjonsnr: 971 125 853  
STIFTINGA NYNORSK PRESSEKONTOR

## BALANSE

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
--------------	------	------	------

### BALANSE - EIGEDELAR

#### Anleggsmiddel Immaterielle egedelar

#### Varige driftsmiddel

Driftslausøyre, inventar,  
verktøy, kontormaskinar  
og liknande

Sum varige driftsmiddel			5 836
-------------------------	--	--	-------

Sum anleggsmiddel		0	5 836
-------------------	--	---	-------

#### Omløpsmiddel

#### Varer

#### Krav

Kundekrav	4	136 066	166 960
Andre kortsiktige krav		476 644	754 467
Sum krav		612 710	921 427

#### Bankinnskot, kontantar og liknande

Bankinnskot, kontantar og liknande

Sum bankinnskot, kontantar og liknande		2 934 900	3 025 370
--	--	-----------	-----------

Sum omløpsmiddel		3 547 610	3 946 797
------------------	--	-----------	-----------

SUM EIGEDELAR		3 547 610	3 952 633
---------------	--	-----------	-----------

### BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD

#### Eigenkapital

#### Innskoten eigenkapital

Grunnfondkapital	3	200 000	200 000
Sum innskoten eigenkapital	3	200 000	200 000

#### Opptent eigenkapital

Annan eigenkapital	3	2 849 550	3 698 545
Sum opptent eigenkapital	3	2 849 550	3 698 545

Sum eigenkapital	3	3 049 550	3 898 545
------------------	---	-----------	-----------

Sum langsiktig gjeld		0	0
----------------------	--	---	---

#### Kortsiktig gjeld



Leverandørgjeld	450 369	7 295
Skyldige offentlige avgifter	32 750	36 500
Anna kortsiktig gjeld	14 941	10 293
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>498 060</b>	<b>54 088</b>
<b>Sum gjeld</b>	<b>498 060</b>	<b>54 088</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b>3 547 610</b>	<b>3 952 633</b>



Organisasjonsnr: 971 125 853  
STIFTINGA NYNORSK PRESSEKONTOR

NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP - alle poster oppgitt i hele tall

Note  
1

Tal på årsverk i rekneskapsåret  
0.00

Sum Beløp

Balanseført verdi 31.12. Varige driftsmiddel Immaterielle eigned.

**Konsernrekneskap**

Morselskapet sitt navn

Forretningskontor for morselskapet

Grunn til at dotterselskap ikkje er tatt med i konsolideringa

Samla beløp - tilknytt selskap Årets Fjorårets

Samla beløp - føretak i samme konsern Årets Fjorårets

Samla beløp - føretak i samme konsern Årets Fjorårets

Samla beløp - felles kontrollert verksemd Årets Fjorårets

Pantstillingar Beløp

Behaldning av egne aksjar Tal på aksjar Pålydande Andel av aksjek.

## Årsmelding for Stiftinga Nynorsk Pressekontor 2023

### Føremål

Føremålet til Stiftinga Nynorsk Pressekontor er å styrkje nynorsken i pressa og spreie allsidig stoff til avisene på nynorsk. Stoffet skal produserast til massespreiing, men det er og ei oppgåve å lage stoff særskilt til einskildblade eller tiltak som arbeider med å fremje nynorsken i pressa og andre massemedia.

Stiftinga kan også drive anna verksemd som står i naturleg samanheng med hovudføremålet.

### Styret

Styret i Stiftinga Nynorsk pressekontor har to representantar frå kvar av stiftarorganisasjonane, Noregs Mållag, Noregs Ungdomslag og Kringkastingsringen, pluss ein representant for dei tilsette i NPK-redaksjonen.

Styret har i 2023 vore samansett slik:

#### Frå Noregs Mållag:

Tom Hetland (leiar) og Birgitta Lim Erslund

**Vara:** 1. Svein Olav Langåker 2. Astrid Sverresdotter Dypvik

#### Frå Noregs Ungdomslag:

Kai Roger Vatne og Terje Svindseth

**Vara:** 1. Maria Ellingsen Austbø 2. Beate Haugtrø

Frå **Kringkastingsringen:** Hans-Olav Rise og Anne Svanaug Straume (nestleiar)



**Vara:** 1. Jógvan Helge Gardar 2. Kjartan Helleve

Frå **dei tilsette** : Kjell Aasmund Sunde og Hallvard Østrem (vara)

Styret har hatt 4 styremøte. Det er behandla 36 saker.

Dagleg leiar har vore Jan Inge Fardal

## Revisor

Gudbrandsdal Revisjon AS ved Tomas Smevik. Godtgjersla til revisor var 26.000 kroner.

## Personalet

Stiftinga har ingen tilsette.

NTB har arbeidsgjevaransvar for dei tilsette i NPK-redaksjonen. Det er seks fast tilsette i redaksjonen. Sjukefråveret var i 2023, etter eit høgt fråvær både i 2021 og 2022 grunna langtidsjukmelding, attende på eit for NPK lågt og normalt nivå, 1,2 prosent mot 11,4 prosent i 2022.

## Likestilling

I 2023 har styret vore samansett av fem menn og to kvinner. Blant dei fast tilsette i NPK-redaksjonen er fordelinga ved årsskiftet to kvinner og fire menn.

## Arbeidsmiljø

Etter eit par år med mykje sjukdom og store utskiftingar i staben vart 2023 eit mykje rolegare år og godt steg i rett retning for NPK.

Det er liten tvil om at det framleis er større bruk av heimekontor enn før pandemien. Normalen er at me skal vera i Pressens hus, men det er framleis opna for at alle kan velje heimekontor når dette høver best, enten av praktiske eller helsemessige årsaker. Men hovudregelen er og skal vera fleire dagar i Pressens hus enn heime kvar veke.



NS NOKK PERSKONLOR

Men det kom ei utfordring på vårt bord då me på slutten av våren fekk beskjed om at me skulle flytta frå lokala våre i 3. etasje og opp på loftet i 4. etasje. Bakgrunnen for dette var at ei av dei tekniske avdelingene i NTB hadde vokse ut av den delen av lokala dei disponerte, dei måtte ha meir plass rett og slett. Det resulterte i at NPK vart flytta opp i 4. etasje der me sidan har delt lokale med NTBs kundesenter og marknadsavdeling og NTB-Tema.

Ikkje eitt ord gale om desse avdelingane, men det er eit faktum at kundesenter og marknadsavdeling har ein heilt annan måte å jobbe på enn oss, noko dei sjølv sagt skal og må ha. Konsekvensen er at det, i periodar, er eit heilt anna støynivå enn me har vore vane med, noko som kan vera utfordrande. Kundesenteret snakkar sjølv sagt i telefonen med kundar og diskuterer saman på ein heilt annan måte enn me gjer. Dette er i periodar forstyrrende, spesielt for dei som sit med saker der det krevst konsentrasjon. Konsekvensen er at me brukar meir høyretelefon enn før og at fleire brukar heimekontor oftare, og serleg til utskriving av langsaker.

Dette er spelt inn til leiinga i NTB og me har ved fleire høve peika på at det ville vore mest naturleg for oss å flytte ned att til det redaksjonelle miljøet i 3. etasje.

Det er forresten verdt å merka seg at det frå fleire hald i NTBs redaksjonelle miljø har vore ytra at dei saknar NPK at og at dei gjerne vil ha oss ned att. Me både håpar og trur at me vil få eit endå betre samarbeid med det redaksjonelle miljøet i NTB om me er i same etasje, me skal ikkje nedvurdere verdien av daglege fysiske møte.

Det paradoksale er at dette skjedde berre få veker før dei første signala om at ei nedbemanning hadde tvinga seg fram i NTB.

Hausten 2023 vart den tyngste i nyare NTB-soge der det etter kvart vart klart at meir enn eit dusin stillingar må kuttast. Fram til 21. januar i 24 var det ein prosess med tilbod om sluttpakker, gåvopensjoner og andre tiltak. Alle tilsette i NPK fekk også desse tilboda, sjølv om talet tilsette i



SYNOPSIS PRESENTASJON

NPK ikkje ville bli råka av ei slik nedbemanning i NTB. Det er no klart at 13 tilsette, dei fleste redaksjele, har takka ja til sluttpakke.

## Produksjon

Kontoret produserte i 2023:

**Grunntenesta:** 9817 saker (9.969 saker i 2022 , 11.495 saker i 2021 ). Dette gir eit snitt på knappe 30 saker per dag. I gjennomsnitt er det om lag 15 saker frå NTB-katalogen per dag. Resten er reine NPK-saker.

Av desse var lengre saker:

**Feature:** 73 saker ( 67 saker i 2022 og 58 i 2021)

**Intervju:** 69 (71 i 2022 og 71 i 2021)

**Tema-saker:** 375 saker (337 i 2022 og 382 i 2021)

**Nyheiter:** 4406 saker(9063 i 2022 og 7298 i 2021 )

**Notisar:** 5573 (5422 i 2022 og 4429 i 2021)

**Nyheitstenesta:** 37.352 (34.896 i 2022 og 40.808 i 2021)

Dette gir eit snitt på vel 160 saker per dag, noko som er eit stort volum. Utdringa er å få eit truverdig innblikk i kor mykje desse sakene blir brukte og lesne.

Forsøksprosjektet vårt med finske Namia varte ut oktober, då hadde me brukt rundt 100.000 på eitt år og fått eit bra, men likevel- ikkje godt nok innblikk i bruken. Skulle Namia vore med vidare og utvikla denne tenesta opp på ynskjeleg nivå, ville det ha kosta meir enn det doble. Me har sjekka verktøyet som NTB brukar no, det heiter EasyInsight, men førebels er også det alt for dyrt for oss, det er snakk om mellom 35.000 og 40.000 kr i månaden for NTB. Så me får greie oss med Retriever og dei avgrensingane som er der, ei stund til.

## Kundar

Kontoret hadde ved årsskiftet 36 kundar (38 kundar i 2022) på nyheitstenestene, 26 kundar (24 i 2022) på Kryssordtenesta og 4 (5 i 2022) på Tematenesta. Det er her grunn til å registrere at Nationen og Sunnhordland begge har sagt opp avtalen dei har i dag og at dei er ute av NPK frå 1.juni 2024. Tematilbodet er slutt frå 1.februar 2024, då NTB har lagt ned sin temaredaksjon. Til saman betyr dette ein nedgang i inntektene våre på ein stad mellom 200.000 og 250.000 kroner. Men me har ikkje gitt opp å få desse to med att.

## Kontraktar, samarbeid, medlemskap

Nynorsk Pressekontor har vore samlokalisert med NTB sidan 1. april i 2007. NTB har på oppdrag frå Stiftinga overteke både driftinga av byrået og arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette i NPK. Samarbeidet gir gode vilkår for utvikling av NPK.

Første samarbeidsavtale tok til i 2007 og varte til 2014. Etter ei grundig evaluering i styret blei mebsamde om ein ny samarbeidsavtale med NTB våren 2013 for ein ny periode. Etter ein ny gjennomgang av samarbeidsavtalen i 2018 starta me frå 1. januar 2019 opp vår tredje samarbeidsperiode, som varte til 1. januar 2024. Etter gode og positive forhandlingar våren 2023, har me forlengja denne samarbeidsavtalen med NTB ut 2029.

Me har og ein avtale med Arkitektst der me får prosentar av inntektene frå Nynroskroboten og prosentar av overskotet.

Nynorsk Pressekontor har adresse Skippergata 24.

Journalistane er omfatta av Hovudavtalen og Journalistavtalen.

### **Nynorskroboten /Apertium**

I 2018 starta vi arbeidet med å utvikle ein «nynorskrobot» - eit automatisk verktøy for omsetjing frå nynorsk til bokmål. Føremålet var å auke tilfanget av omsette nyheitsartiklar frå NTB på nynorsk, og å frigjere ressursar til større eigenproduksjon i NPK-redaksjonen. 2022 var det siste året med øyremerkte utviklingsmidlar frå departement og Nasjonalbibliotek til utvikling av dette prosjektet. Men sidan det var att midlar frå statstilskotet i 2022, vart vedlikehald og utvikling av roboten - eller Apertium som den opne kjeldekoden heiter- oppretthalde ut heile året. Og i statsbudsjettet for 2024 er det inne ei ekstra løyving på 1 million kroner til vidareutvikling og vedlikehald av roboten. Det er intensjonen at me skal då dette inn som ein fast post i statstilskotet. Det er viktig at at den roboten som er utvikla blir halden ved like og utvikla i takt med språket.

Så elles eigen rapport om arbeidet med nynorskroboten, eller Apertium.

### **Ansvar**

Stiftinga har ingen aktivitetar som kan tenkjast å ureine eller gjere skade på det ytre miljøet. Gjennom samarbeidet med NTB er Nynorsk Pressekontor omfatta av reglar for aktivt å hindre trakassering og utilbørleg åtferd.

### **Utsiktene til selskapet**

Hovudmålet for NPK er å syte for at det blir meir nynorsk i norske media, på papir og digitalt. NPK tilbyr nyheiter og reportasjar til rimelege prisar. Slik gjer NPK det lettare for norske media å vere på nynorsk, heilt eller delvis, og støttar opp under ei mangfaldig og variert presse. Samarbeidsavtalen med Norsk Telegrambyrå legg til



rette for utvikling av NPK både på det redaksjonelle, tekniske og administrative planet.

### Økonomi og resultat

Årsrekneskapen er gjort opp med eit driftsresultat på - 853.938 kroner. Ordinært resultat etter avskrivningar, finansinntekter og kostnader er - 848.955 kroner. Eigenkapitalen ved inngangen til 2024 er 3.049.550 kroner.

Styret konstaterer at det er grunnlag for vidare drift av stiftinga. Styret meiner at rekneskapen gir eit rett bilete av verksemda.

Oslo 13. februar 2024

Tom M. Hetland (NM, leiar)

Anne Straume (KR, nestleiar)

Hans-Olav Rise (KR, styremedlem)  
styremedlem)

Birgitta Lim Ersland (NM,

Kai Roger Vatne (NU, styremedlem)  
styremedlem)

Terje Svindseth (NU,

Kjell Åsmund Sunde (dei tilsette)

Jan Inge Fardal

Dagleg leiar



Gudbrandsdal  
Revisjon AS

Tel: +47 61 29 25 80  
Mail: post@gr.no  
www.gr.no

Gudbrandsdal Revisjon AS  
Nedregata 5A  
2640 Vinstra  
Foretaksregisteret:  
979 122 616 MVA

Til årsmøte i  
Stiftinga Nynorsk Pressekontor

## MELDING FRÅ REVISOR

### Konklusjon

Vi har revidert Stiftinga Nynorsk Pressekontor sin årsrekneskap som viser eit underskot på kr. 848 995. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2023, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og notar til årsrekneskapen, og eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

### Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvise bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2023, og av resultatata for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av stiftinga slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

### Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for ytterlegare informasjon som er publisert saman med årsrekneskapen. Vår konklusjon om årsrekneskapen over dekkjer ikkje ytterlegare informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom den ytterlegare informasjonen og årsrekneskapen og den kunnskapen vi har opparbeidd oss under revisjonen av årsrekneskapen, eller om ytterlegare informasjon inneheld vesentlege feil. Vi har plikt til å rapportere om ytterlegare informasjon inneheld vesentlege feil. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapet vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav

### Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gjev eit rettvise bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Medlem av den Norske Revisorforening



Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla

#### **Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen**

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerse som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For utfyllande informasjon om revisors oppgåver og plikter vises det til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>.

#### **Utsegn om andre lovmessige krav**

##### *Konklusjon om utdeling og forvaltning*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000, har vi ikkje fått kunnskap om noko tilhøve som peikar på at stiftinga si forvaltning ikkje er i samsvar med lova, stiftinga sitt føremål og vedtektane for øvrig.

Vinstra, den 13. februar 2024  
Gudbrandsdal Revisjon AS

Tomas Smevik  
Statsautorisert revisor